

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185 Sentrum  
5804 BERGEN

Oslo, 06.03.2023  
Vår ref. 22/3115-4  
630.0/ANSK  
Dykkar ref. 21/15145

Att:

## Høyring om kysttorsk og havdeling i fisket etter torsk nord for 62°N

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til høyring frå Fiskeridirektoratet om kysttorsk og havdeling nord for 62° nord. Dette innspelet omhandlar spørsmåla som vert tatt opp i høyringa samla sett.

LOs medlemmer i fiskerinæringa er hovudsakleg yrkesfiskarar i havfiskeflåten, og arbeidstakarar innan fiskemottak og vidareforedling av fangsten på land. For oss er det avgjerande å sikre og oppretthalde trygge og gode arbeidsvilkår for våre medlemmer, noko først og fremst ei forsvarleg forvaltning av fiskeressursane set rammer for.

LO vil understreke at hovudmålet for fiskeriforvaltninga må vere å legge til rette for ei berekraftig forsvarleg forvaltning, som sikrar ressursgrunnlag og økosystem både no og for framtida. Fiskeripolitikken skal ivareta mange formål, som til dømes busetnad og sysselsetting langs heile kysten, og det er brei einigheit om at vi skal ha ein variert flåtestruktur med små og store fiskefarty som kan drivast med lønsemd.

Fiskeridirektoratet føreslår å regulere fisket etter torsk langs kysten gjennom storleiken på fartya, og sende dei store fartya lenger ut. Det vert føreslått at farty på 21 meter og over må fiske etter torsk utanfor grunnlinja, og at farty på 28 meter og over må fiske ytterlegare 4 nautiske mil utanfor grunnlinja. Dette vert føreslått på generelt grunnlag, og ikkje ut frå vurdering av enkeltområde der kysttorsk har særleg behov for vern.

Med unntak av fartystorleiks-grense på 11 meter innanfor fjordlinja, ser vi at det i Havforskningsinstituttets innspel *ikkje* vert føreslått å forby fiske basert på kor mange meter fartya er på. Det er heller ikkje konsekvensutgreia kor vidt talet på meter eit farty er på, reelt sett betyr noko i denne samanhengen, eller bør leggast til grunn for ei slik endra regulering. Konsekvensutgreiing manglar elles for andre sider av saka, som korleis tiltaka vil påverke landing av fisk.

LO er uroa over at det ikkje vurderast kva konsekvensar desse forslaga vil ha for fiskeindustrien. Heile næringa må sjåast i samheng, og vi minner om dei politiske målsettingane om auka bearbeiding i Norge og fleire faste heilårs-arbeidsplassar.

Det totale uttaket av torsk vert styrt av storleiken på totalkvota. Det som må vere det avgjerande for kva tiltak ein skal velje i denne saka, er at desse sikrar kysttorskens naudsynt og godt vern, slik at bestandane kan ta seg opp. Det synast lite hensiktsmessig å gjere fisket mindre effektivt, meir utsleppsintensivt (meir drivstoffbruk) og mindre lønsamt, utan at ein kan relatere tiltaket til vern og oppbygging av kysttorskbestandane. Endring i bifangst-bestemmelsane må ikkje føre til at fisketrykket på kysttorskpopulasjonane framleis vert verande på eit for høgt nivå.

### Landsorganisasjonen i Norge

Torggata 12, N-0181 Oslo E-post: lo@lo.no www.lo.no Telefon: +47 23 06 10 00 Organisasjonsnummer: 971 074 337  
Kontonr.: 9001 07 00182 Faktura på e-post: 971074337@autoinvoice.no Elektronisk faktura (EHF): 9908:971074337



Havforskningsinstituttet seier i sitt innspel til kysttorsk-reguleringar, at avgrensing av fiske på gytefelt og gytevandringsområde vil redusere nedfiskinga, og dermed sikre biologisk mangfald innan kysttorsk-bestanden. Dei seier vidare at det er behov for meir overvaking av viktige gyteområde.

Havforskningsinstituttet påpeiker òg at det hastar med å få ei rutinemessig datainnsamling frå turistfiske og fritidsfiske, slik at det samla uttaket på kyst- og fjordressursane blir kjent og kan vurderast opp mot berekraft. – Dette er noko Fiskeridirektoratet i si høyring dessverre har sett bort frå. Direktoratet føreslår heller ikkje strengare vern av gytefelt i denne høyringa. LO meiner Havforskningsinstituttets påpeikingar er viktige, og ber Fiskeridirektoratet følgje opp dette gjennom faktiske tiltak.

LO er vidare einig i at minstemålet må aukast, og at nødvendige tiltak som følgje av dette vert iverksett (maskestorleik mm). Når det gjeld fastsetting av maksimaltal på garn, lenker, kveilar mm, så kan LO vere samd i at dette kan regulerast som føreslått.

Med venleg helsing  
LO Norge

Terje O. Olsson  
(*sign.*)

Tor Jørgen Mentzoni Lindahl  
(*sign.*)

Saksbehandlar: Anne-Beth Skrede

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.*